

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Tilleggs-spørsmål

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr. 6

Herad: V.Slidre.

Emne: Folkelege Musikkinstrument.

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn.25,

G.nr. 66 Br.nr. 3

Bekkelagshøgda.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle og eige huks.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er født i V.Slidre 1895 og er garntner.

## SVAR

1. Lurane (Lu sa dei gamle i Valdres -lua um ljoma eller um lyd - det lua slik). var uthola av tvo halmingar av passeleg gran som vart satt saman og vikla over med bjørkenever - ein strimmel som helst skulde vera so lang at den raakk over heile luren. For aa faa ein so lang strimmel maatte ein skjera laus neveri paa bjørki i ein spiral rundt oppover heile stamma slik at neveri ikkje gjekk ut naar ein kom rundt berre eit kast. Paa den maaten slapp ein aa skjøyte neveri paa luren. Det vart som vanleg kalla neverlur.

Eg kjenner ikkje til um det har vore lurar rulla saman av orebark, men kan ha vore brukt i eldre tid for det. Men um vaaren i savigen (naar borken gjekk) vart det laga smaa lurar eller helst stutar av heil sulje eller vierbork som var vridd laus paa ei passeleg tjukk og kvistfri stamme, det vart berre som ei lang borkehylster utan munnstykke eller prillarhol, men det gjekk aa faa fram enkle, sterke ljod. -

Paa neverlurane var det ikkje ekstra munnstykke eller tunge ved munningsenden for aa skape andre lydar eller for aa bli lettare aa blaase paa, so eg kjenner til. Men derimot stutane av bukkehorn vart ofte utstyra med ei brisketunge (ei tynn briskeflis som var bunde fast over blaasemunningen paa stuten paa den eine sida, medan den andre enden av tunga var laus og naar ein bles so virka den paa

sama maaten som dei tynne massingstemmone i eit munnspele, men det vart ikkje akkurat so vakre lydar av dette. Det er av det styggaste og sterkaste ljud ein kan høyra. Og eg har tenkt meg at det var desse spesielle stutane som vart brukt til aa skreme vekk udyri, det var einsformige, ~~de~~ haase og gjennomtrengande ljud som kunne skrema kva det so var. - Det var liten eller ingen styring paa den tunga som kunne slaa berre upp og ned - og ikkje kunne ein (paa grunn av tunga) faa forma ymse tonar med munnen. - Det er i allfall det eg har faatt ut av desse tungestutane, men eg har sett berre ein. Kan hende er det andre som har annan oppfatning.

2. I skurden var det vanleg av smaagutar og laga halmpipor som dei bles i - ofte tvo eller tri samtidig i munnen. Halmpipa var umlag 10 cm. lang og ovskoren tett inntil ein lekk paa straaet. Vel ein cm. fraa lekken skar ein eit hakk, oftast med skjorun, ~~umlag~~ ikkje fullt halvt ned i straaet, og løyste flisi fram til lekken slik at ho vart hangande fast det. Den enden satte ein inn i munnen og ved aa suge eller blaase svinga den halvause flisi og laga dei einsformige og nermast saare ljud.

Tungestutane og desse halmpipone har det felles at dei har ei halvfast eller halvlaus tunge som lagar ljoden eller uljoden, um ein vil. Baae har vel hatt si oppgove og den fyrste har sikkert hatt eit stort praktisk verd.

Gjeitolstutane var paa ein annan maate og var mykje i bruk av smaaguten. Dei var laga av gjeitol (sløkje) *Angélica silvéstris* eller ogso av kvanne *A. archangélica* og hadde grovare og grannare ljud etter som dei var tjukke. Emne kunne vera 25-30 cm. eller lenger og vart skoren aav like likeutanfor ein lekk (led) som er ein tett vegg, men det kunne og vera hol i den, daa var den ubrukbar. I andre enden skar ein aav emnet med skraaskjer. Mot dette paa andre sida eit motskjer umlag  $\frac{1}{4}$  del inn i emnet og som gaar ut i det fyrste skjeret. Sida med minste skjeret legg ein inn

til munnen slik at stuten kjem til aa hange ganske mykje beint ned-det er for aa faa den rette vinkelen naar ein skal blaase.Naar ein spikka slike stutar maatte ein prøve seg fram fyrst med eit ganske langt emne.Vilde ikkje stuten laate so spikka ein aav vidare - ein prøva seg fram til det vart den rette laaten.

Medan eg (og fleire til)laag i fjellet um vinteren paa jakt og fangst brukte me nagglepipone som stut naar ~~me~~ det trengtes. Det var veldige ljos som kunne høyrast langt i stilt vér.Som smaagut stal eg meg til aa blaase i separatorpipone,men det var lett aa oppdaga-daa maatte eg vaske etterpaa um eg slapp med det.

3.Sveposkaft med kulor inn i og likeso tollknivar med kulor (av jarn eller annan metal) har eg ~~se~~ sett og høyrst um.Men oppgava var aa varsle før slaget eller stikket.

Ungane kunne laga seg eit enn anna til rangle,men eg kan ikkje hukse at det var noko slikt i fast bruk eller med bestemt namn.

4. Det var nok vanleg paa skula aa smelle papirposar som ein bles full med luft. Aa smelle eit stort lauv som ein la upp paa vønstre tommes og peikefinger naar handi var halvvegnes knytt var vanleg.Det var mest ospelauv som vart brukt, handi (høgre)maatte g<sup>e</sup>jrast tett og innhol slik at lufti kunne slaa hol i bladet med eit smel naar ein drog til.

Den klukkeforma blomekruna av engsmelle,silene vulgaris var mykje brukt aa smelle paa handbaken før frøene tok til aa vekse til.Namnet kjem sikkert av dette.Men kvit og rau praktstjerne vart og brukt.

Sveposmell vart brukt . Lange,tynne steinar og spikar gav ymse syngande lydar naar ein kastar dei sterkt avgaarde og slik at dei sviv rundt i lufti.

Hurre var laga av ei tynn vedstrimmel 30-40 cm.lang, vel ein tumme breid og eit par m/m tjukk paa midten,litt tynnar mot kantene.I eit hol i enden var det ein strek nys-

sing. Ved aa sløngi den fort i luften so vart det ein hur-  
 rande enn surrande ljos som var ganske sterk og kunne  
 varierast sterkt ettersom ein sløngde fort eller sakte.  
 Hurrone var kraftige i laaten og det er rart at ingen  
 har take upp att den patenten no naar borni skal ha so  
 mykje til leiko. Det var bestefar som laga slike til meg  
 andre stader saag eg det ikkje.

Smaa sirkelsage av blekplate eller zink laga me til.  
 Med ein dubbelthyssing paa kvar side fekk ein sagi til  
 fort  
 aa gaa rundt og det vart ein ganske sterk, sjoande ljos.

Lange paakar og stenger, taug og liknande kunne ein  
 svinge fort rundt i lufti og fekk dermed fram noko sur-  
 rande ljos.

Dynamittskot vart brukt serleg 17. mai. Før var det brukt  
 aa skyte med gevør og minnekrut (krutkjering) naar det  
 var brudlaup. Dei stelte seg helst ut i ei øy eller paa  
 ein odde naar brurfylgje rodde forbi. Verre var det naar  
 dei kjørde, det hende at hestane <sup>skvatt</sup> ~~skavik~~ og sprang ut. Det  
 var eit daarleg mark. - Aa skyte i brudlaup var for aa  
 verne mot vonde makter og for aa gjeva lukke, som seinar  
 gjekk over til ei æressak.

Det er vel lenge sidan, men mor fortale at langt attende  
 i tid trudde folk det var eit dyr som vilde sluke soli  
 naar det var solmyrkje. Daa drog alle folk upp paa høge  
 haugar, og berg og held paa skreik og huga det styggaste  
 dei greide, for aa skreme vekk udyret. Slik held dei paa  
 til det gav seg eller var slutt. Det var <sup>eit godt raad.</sup> ~~ei god~~  
 Det hjalp alltid.

Dei hadde si form for jodding hjaa oss og, men det var  
 alt anna enn vakkert. Det var ein agaløys, illherveleg, sterk  
 skrik som gjekk gjennom merg og bein, <sup>som</sup> ~~Det hadde~~ <sup>som</sup> ~~har~~ sikkert vore  
 brukt mot villdyri i sin tid. Det var ei øving aa faa til  
 den stygge laaten og. G. Pjaaten som døyde for ei tid sidan  
 kunna kunsten. Joddingi sørifraa har truleg sama opphavet.

3/4-54.